



# Raudt

**PROGRAM FOR RAUDT SOGN OG FJORDANE  
VEDTEKE MARS 2021**

# Innhald

---

Mot Forskjells-Noreg – for eit sosialistisk Noreg!.....	2
Barn, ungdom og utdanning .....	3
Helse- og sosialtilbod .....	4
Miljø og energi .....	5
Kvinnefrigjering.....	7
Samferdsle og transport .....	7
Arbeidsliv.....	8
Levande distrikt.....	9
Det fleirkulturelle Sogn og Fjordane .....	10
Solidarisk flyktningspolitikk .....	11
Framtidsretta arbeidsplassar .....	11
Kultur, idrett og inkludering.....	12
Fredspolitik.....	13
Eit sosialistisk samfunn .....	14

## Mot Forskjells-Noreg – for eit sosialistisk Noreg!

Raudt Sogn og Fjordane kjempar mot dei urettferdige økonomiske forskjellane mellom folk og dei unødvendige forskjellane mellom sentrale strok og Distrikts-Noreg.

Vi kjempar også mot forskjellsbehandling ut frå kjønn og hudfarge. Raudt kjempar mot at både nasjonale, fylkeskommunale og kommunale styresmakter tek avgjerder som står i motstrid til kva fleirtalet i bygd og by synest er rett. Vi kjempar mot dei lukka og hastige prosessane og mot eit stadig meir ein-sidede fokus på snever økonomiforståing.

Raudt vil ta kampen opp mot desse forskjellane og misforholda, som skuldast liberalistisk høgropolitikk for privatisering av fellesskapsressursar og -verdiar.

Dagens kapitalisme betyr aukande forskjellar, og den betyr rovdrift på naturen. Kapitalismen som system krev evig økonomisk forbruksvekst og set omsynet til profitt fremst. Verken det som blir kalla «grønt skifte» eller finurlege marknadsløysingar kan stoppe dette.

Den industrielle revolusjonen og kapitalismen var eit stort framsteg samanlikna med tidlegare utbyttingssystem. Men no står ustoppelig profittjakt i vegen for fred, miljø og rettferd.

Raudt sitt mål er eit sosialistisk samfunn som viskar ut klasseforskjellane og som tilfredsstillar menneska sine behov innanfor naturen sine tolegrenser. Derfor treng vi eit systemskifte - vi treng grøn sosialisme!

### Derfor er dette nokre av dei viktigaste krava Raudt vil jobbe for:

- at privatiserte naturressursar skal tilbake til fellesskapet
- auke av sjølvbergingsgraden gjennom bevaring av matjord og styrking av jordbruk basert på norske ressursar
- profittfri velferd; nei til privatisering – ingen skal tene på velferdstenester
- rett til fast jobb og full stilling – forby bemanningsselskapa
- å gjenreise arbeidsmiljølova
- stopp i utbygging av vindkraft – også til havs
- at alle skal kunne gå av med pensjon ved 62 år
- kvinnepott i tariffoppgjera for å redusere lønnsforskjellar
- lovfesta rett til heiltid
- gradvis innføring av 6 timars arbeidsdag med full lønnskompensasjon
- å fjerne eigendelar på helsetenester og innføre gratis tannhelsetenester

- auka mottak av asylsøkjjarar og flyktningar, med eit skikkeleg tilrettelagt mottaksapparat
- arbeidsløyve for alle asylsøkjjarar frå første dag
- å lovfeste retten til lærlingplass
- velferd og tenester nær innbyggjarane, og derfor ny vurdering av allereie sentraliserte tenester
- folkeavstemming om EØS-avtalen
- meir progressiv skatt, auka skatt på høge inntekter, auka formueskatt og mindre bruk av flate avgifter som ikkje skil mellom fattig og rik

## **Barn, ungdom og utdanning**

Raudt vil ha eit variert og desentralisert offentleg eigd tilbod til alle barn og unge i Sogn og Fjordane. Statlege økonomiske tilbakeføringar må derfor aukast, slik at kommunane kan oppretthalde grunnskulane og fylkeskommunen dei vidaregåande skulane. Vi vil motarbeide privatiseringsframstøyt. Raudt vil gjenreise tilliten til lærarane, la dei bruke kunnskapen og kompetansen sin til beste for elevane si utvikling, og vi vil ha bort overdriven bruk av måling og rapportering.

### *Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:*

- ei styrka bemanningsnorm i barnehagane for å sikre kvalitet og styrka grunnbemanning heile opningstida
- gratis plass i barnehage og SFO
- gratis mat i barnehage og skule
- fjerning av kravet om karakteren 4 i matematikk for å komme inn på lærarutdanning
- å styrke skulebiblioteka
- å tilby gratis sanitærprodukt gjennom helsesjukepleiartenesta til jenter på ungdomsskulen og vidaregåande skule
- nok ressursar til skulane, slik at dei mellom anna kan setja inn kvalifiserte vikarar ved behov
- å styrke tilbodet ved dei vidaregåande skulane – dei minste skulane må ikkje ofrast til fordel for dei store
- ei inntaksordning basert på nærskuleprinsippet.
- at alle læremiddel skal vere gratis – også i vidaregåande opplæring

- å oppretthalde og avsetje ressursar til å følgje opp forpliktande program mot mobbing i skulane, og styrke informasjonen om mobbeombodet i fylket
- at styresmaktene sine økonomiske rammer må gje rom for oppretting av stillingar som miljøarbeidar(ar) på vidaregåande skular.
- å sørge for at skulane har tilgang på personale med fleirkulturell og minoritetsspråkleg kompetanse. Styrking av innføringsklassane for minoritetslevar.
- leksefri skule – skulearbeidet skal i regelen gjerast i skuletida
- større satsing på fagutdanning i den vidaregåande skulen
- lovfesting av retten til lærlingplass og fjerning av arbeidsgjevaravgifta for lærlingar
- at kommunar og andre offentlege verksemdar skal tilby minst to lærlingplassar pr. 1000 innbyggjarar og krevje lærlingplassar i alle anbod
- obligatorisk kursing i vidaregåande skule om rettane i arbeidslivet og om fagorganisering
- fullstipendiering til alle studentar - på vegen dit, støttar vi kravet om at studiestøtta blir auka til 2,5 gonger grunnbeløpet i Folketrygda og at lånedelen blir redusert til 40 % av stipenddelen, uavhengig av studiepoengproduksjon
- oppretthalde eit desentralisert undervisnings- og utdanningstilbod innan høgskular og universitet
- styrking av førstelinjetenesta ved skulane (miljøarbeidarar og helsesjukepleiarar), av PP-tenesta og av barne- og ungdomspsykiatrien
- gratis prevensjon for alle under 25 år
- å styrke tilboda i vidaregåande opplæring for menneske med nedsett funksjonsevne

## Helse- og sosialtilbod

Raudt vil at helse- og sosialtilboda skal vere gratis og eigast og drivast av det offentlege. På den måten er det folkevalde som bestemmer både omfanget og kvaliteten på tilboda. Vi er mot at private firma, velferdsprofitørar, skal overta for å tene pengar på velferdstenester og tilbod som skulle vore offentlege. Raudt går sterkt mot at inntekt og status skal bestemme kva helsetilbod ein får. Vi vil at menneske med nedsett funksjonsevne skal få betre tilrettelegging, individuelle transportordningar og personleg assistanse. Raudt vil ha auka omfang av dagtilbod for ikkje-yrkesaktive i alle aldrar og betre tilgang til tilboda. Vi vil ha auka løyvingar for å realisere universell utforming. Sosial- og barneverntenesta må opp-prioriterast og oppbemannast slik at folk som treng støtte frå fellesskapet, møter kompetente folk som har tid til å sjå dei og yte hjelpa dei har behov for.

### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- statleg tildeling av nødvendige økonomiske rammer til sjukehusa og innføring av folkevalt styring gjennom avvikling av helseforetaksmodellen
- styrking av lokalsjukehusa ved oppretting av funksjonar som akuttberedskap og fødetilbod
- gjeninnføring og utbetring av ordninga med gratis fysioterapi til kronisk sjuke
- gradvis innføring av gratis offentleg tannhelseteneste - først med eigendel som for andre helsetenester og ved betalingsfritak for økonomisk vanskelegstilte
- at barnetrygda ikkje skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialstønad
- at NAV-funksjonane må desentraliserast og leggje vekt på generalistkompetanse framfor sentralisering og spesialisering
- at Helse Vest skal slutte å kjøpe tenester av private selskap og heller styrke og bygge ut egne tilbod – f.eks. ta Tronvik meir aktivt i bruk innan rusomsorga
- fokus på rusettervern som må vere tilpassa den enkelte - fagpersonar med rett kompetanse og erfaringskonsulentar som jobbar tett saman med den enkelte pasienten, er nøkkelen til eit liv utan rus
- lågterskeltilbod innan psykisk helsevern og rusbehandling
- oppjustering av ytingane i Folketrygda
- heving av nivået på sosialstønad
- å avskaffe karenperioden på 52 veker for dei som har motteke arbeidsavklaringspengar ein full ordinær stønadsperiode
- mammografibussar i kommunesentera

### **Miljø og energi**

Overforbruk av jordas naturressursar kan ikkje halde fram. Kasting av matvarer er eit grovt eksempel. Nokre naturressursar er snart mangelvare, og andre vil bli det om ikkje overforbruket blir stoppa. Ressursar som skulle rekke til heile året, er oppbrukte etter første halvår. Framstilling av eingongsprodukt og produkt med kort levetid, må avgrensast. Det må satsast på kvalitetsprodukt med lang levetid. Betre avfallshandtering, ombruk og resirkulering, er viktige tiltak, men held ikkje tritt med forbruksveksten. Klima- og miljøproblema krev radikal omstilling og ikkje berre små justeringar.

Petroleumselskapa si auka utvinning av fossil energi, heng saman med at forbruksveksten skal få halde fram. Auka utbygging av fornybar energi, seiast å redusere forbruk av fossil energi og skape eit grønt skifte. Men realiteten er at forbruket av kol, olje og gass held fram som før.

Ny utbygging av fornybar energi, ikkje minst vindkraft, vil bety tap av uerstattelige naturlandskap og naturopplevingar. Massutryddinga av artar og tap av naturmangfald, er ein like stor trussel som klimaendringane. Fornybar energi finst truleg ikkje i slike mengder at det kan erstatte det høge forbruket av fossil energi. Vi har då valet mellom ein bråstopp når fossil energi er oppbrukt, eller starte ei styrt meir langsiktig omstilling til eit samfunn med lågare energibruk og reduserte klimautslepp.

Meir kraftutbygging i eit Noreg som allereie har overproduksjon, vil skape større press for krafteksport, utanlandskablar og dermed prisvekst. Det truar arbeidsplassar og pressar fram endå meir utbygging.

#### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- ein offentlig strategi som sikrar eit reelt «grønt skifte» som er basert på sosial og økologisk berekraft
- å stoppe Nordic Mining sine planar om sjødeponi og ressursløseri som vil øydeleggje fjorden, fjellet og bygda – generelt forbod mot gruveavfall i norske fjordar
- at overskotsmassar frå fjell ikkje kan deponerast i vatn/sjø, men brukast til opparbeiding av byggeformål dersom meir miljøpassande areal ikkje finst på land
- topprissystem for elektrisitet; rimeleg straum til basisforbruk, dyr straum til overforbruk
- lik nettleige og lik straumpris i heile landet
- fokus på lågare energiforbruk og endra skattlegging som styrkar opprusting av eldre vasskraft i staden for nye utbyggingar – dette betyr ikkje at Raudt er mot all ny utbygging
- stopp i utbygging av vindkraft både på land og til havs, og skrinlegging av alle utbyggingsplanar
- forskning på utvinning og bruk av geotermisk energi
- solceller og andre nullenergiløysningar på offentlege bygningar
- utbygging av ladestasjonar for el-bilar i takt med behovet
- styrking av produksjon og distribusjon av lokalprodusert og økologisk produsert mat
- betre økonomiske vilkår for landbruksnæringa – særleg den meir gras- og utmarksförbaserte
- at også små og mellomstore bruk kan få investeringstilskot frå *Innovasjon Norge*

- at oppdrettsnæringa skal over i rømmingsfrie/lukka anlegg – inga utviding av omfang/volum før den tida
- å hindre utbygging som fører til tap av matjord
- innføring av panteordning på elektrisk og elektronisk forbrukarutstyr
- at utlånsordningar av fritids-/sportsutstyr til barn og unge må byggast ut
- innføring av momsfrítak på reparasjonar og utleige av klede, sko, sports-/turutstyr, møblar, verktøy og elektronikk

## **Kvinnefrigjeri**

Trass i mange års kamp, har yrkesaktive kvinner atskilleg lågare løn enn menn. Forskjellen i inntekt, som også tar omsyn til formue, gjer misforholdet endå verre. Mange kvinner må bruke store deler av liva sine til ulønt omsorgsarbeid på grunn av mangelfulle offentlege velferdstilbod.

Menn sin vald mot kvinner, er framleis eit stort samfunnsproblem; at kvinner ikkje blir trudd, at saker blir lagt bort og at dei få dommane ikkje er strenge nok.

### *Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:*

- heving av kvinnelønna gjennom ein kvinnepott utanfor ramma i tariffoppgjeret
- lovfesta rett til heiltid og innføring 6 timars arbeidsdag – om nødvendig stegvis
- at all seksuell kontakt skal vere frivillig, og definisjonen på valdtekt må skjerpast i lova slik at seksuell omgang føreset oppriktig og informert samtykke - ei samtykkelov
- styrking av Krisesenteret i Sogn og Fjordane og overgrepsmottaket

## **Samferdsle og transport**

Raudt vil ha ein samferdslepolitikk som gjer det lettast mogleg for innbyggjarane i heile Sogn og Fjordane å nå fram og tilbake, uansett kvar dei bur, og med minst mogleg miljøbelastning. Dette vil gje alle innbyggjarane lettast og likast mogleg tilgang til offentlege tenester og tilbod som ikkje kan liggje i alle grender og bygder. Ein slik politikk vil motverke sentralisering og avfolking.

Det er derfor eit stort behov for eit betre utbygd kollektivtilbod som kan motverke bruk av privatbil, der kollektive løysingar er tilnæringsvis like gode. Her i Sogn og Fjordane er vi, og vil alltid vere, meir avhengige av privatbilen enn i byane. Raudt vil kjempe for eit statleg



finansiert betre kollektivtilbod for å redusere miljøbelastninga frå unødvendig privatbilbruk. Gode kollektivtilbod er også eit vilkår for å endre på gamle mønster, og for å gje auka rom for mjuke trafikantar i tettstadar.

Raudt vil ha ras-sikre /trafikktrygge vegar og tunellar og fleire ferjeavgangar framfor bruer og unødvendig vegbreidde.

*Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:*

- gratis ferjetilbod
- nei til ferjefri E39
- statleg finansiert prøveordning med gratis kollektivtilbod i regionssenter i Sogn og Fjordane og på strekningar med mange pendlarar
- å flytte meir av godset over frå veg til sjø, der vurdering av effektar på miljø og talet på arbeidsplassar i distrikta, skal leggjast meir vekt på enn kortsiktig økonomi
- gode sykkelvegar i tettbygde strom
- at el-bussar skal erstatte dieselbussar
- at det offentlege overtek ansvar for drifta av kollektivtransporten i fylket og kuttar ut dagens anbodsordning
- at finansieringa av samferdselstiltak på riks- og fylkesvegar ikkje skal vere avhengig av bompengefinansiering
- betra transporttilbod for funksjonshemma
- utbetring av fylkesvegar tilpassa sikkerheitsbehov og ikkje rigide standardkrav
- bygging av Stad skipstunell
- å oppretthalde dei fire flyplassane og forskning på elfly-teknologi

## **Arbeidsliv**

Arbeidslivet har blitt meir brutalt. Færre tilsette betyr at den enkelte må jobbe fortare og meir. Ein større del er berre mellombels tilsette. Bemannings- og vikarbyrå får innpass i stadig fleire bransjar og må forbyast. Arbeidsvilkåra blir svekka, lønnsnivåa blir pressa og fleire tilsette i vikarbyrå, får ikkje løn mellom oppdrag. Sosial dumping grip om seg og er eit stort problem for fagrørsla og for samfunnet.

*Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:*

- at Arbeidstilsynet må få auka ressursar for å kontrollere etterleving av arbeidsmiljølov

- styrking av arbeidsmiljølova; dette gjeld særleg auka bruk av mellombels tilsetjing, svekking av sentral fagleg kontroll med arbeidstidsordningar og av fagforeiningane sin kollektive søksmålsrett ved ulovleg innleige
- offentleg arbeidsformidling; vi vil forby bemanningsbyrå og støttar oppretting av kommunal vikarteneste for å redusere bruken av kommersielle vikarbyrå
- gjenreising av AFP i tråd med grunntanken om solidaritet med slitarane
- eit inkluderande og tilrettelagt arbeidsliv for både arbeidstakarar med helseutfordringar og menneske med nedsett funksjonsevne
- at arbeidsinnvandrarar, anten dei er frå EØS eller ikkje, må ha tilsetjing og arbeidskontrakt med arbeids- og lønsvilkår i samsvar med norske tariffavtalar, for å få opphaldsløyve i Noreg; arbeidsgjevarar må ta ansvaret for brot på dette, og dersom arbeidstakar blir oppsagt, skal det ikkje automatisk føre til tap av opphaldsløyve
- kravet til lønns- og arbeidsvilkår etter norske tariffavtalar, gjeld også dei som leverer tenester til Noreg gjennom utstasjonering frå andre EØS/EU-land.
- at fagleg tillitsvalde må ha full innsynsrett utan restriksjonar i løns- og arbeidsvilkår, slik at eventuell sosial dumping kan avdekkast
- forbod mot kabotasje-køyring inntil bransjeavtale og andre verkemiddel for å regulere utanlandsk transport i Noreg er på plass
- at det offentlege må ha betre tiltak for at fleire vaksne kan ta fagbrev i kombinasjon med jobb
- eit treparts-samarbeid i det offentlege, må sikre dei tilsette gode vilkår og innbyggjarane gode tenester
- at utdanningsløpet fram til fagbrev blir meir praksisretta, og at alle får tilbod om å ta teoretiske delar av fagprøven munnleg
- innføring av f. eks. «Oslo-modellen» i alle kommunar, fylkeskommunar og i statleg verksemd, for å få bukt med bl.a. sosial dumping
- at alle kommunar, fylkeskommunale og statlege organ/verksemdar må ha effektive verktøy for å få bukt med bl.a. sosial dumping – à la Oslo-modellen

## Levande distrikt

Raudt vil at det skal kunne bu folk i heile landet og i heile Sogn og Fjordane og at sentraliseringa må stoppast. Vi støttar derfor folkelege aksjonar, organisasjonar og kommunar som reagerer mot sentralisering av offentlege teneste-/velferdstilbod, forvaltningsorgan, post/samferdsle, skattekontor, utdanning, rettsvesen, brannvern/beredskap/politi osb.

Samanslåingar av fylkeskommunar og kommunar, må berre skje når det er basert på fakta, frivilje og folkeavstemming. Samanslåing som har skjedd mot innbyggjarane sin vilje, må oppløysast

Raudt meiner også at staten må motarbeide sentralisering av private bedrifter og offentleg/statleg verksemd, både med aktiv styring og økonomiske verkemiddel. Bedriftseigarar sitt krav om profitt, må underordnast samfunnsmessige og distriktspolitiske omsyn.

#### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- at tenester som ambulanse, brannvesen, helsetilbod, politi m.m. som har blitt sentraliserte, må tilbakeførast dit dei etter lokale vurderingar høyrer heime
- at Stortinget må gjenopprette Sogn og Fjordane som eige fylke på linje med krava frå Viken og frå Troms og Finnmark - rådgjevande folkeavstemming må gjennomførast
- at kommunar som er slått saman på tvers av folkemeininga, må oppløysast Kinn kommune må oppløysast
- at samanslåingar skal vere faktabaserte, frivillige og tufta på folkeavstemming
- oppretthalding av dagens system for, og nivå på, kommunale kraftinntekter
- å innføre årleg ressurskatt/grunnrenteskatt på bruk av sjøareal til fiskeoppdrett

### **Det fleirkulturelle Sogn og Fjordane**

Mykje skal til for at det fleirkulturelle samfunnet skal bli ein realitet. Både tankeløyse og rasisme, er eit problem som skapar forskjellar mellom menneske og bidreg til auka klasseforskjellar. Rasisme er ikkje berre nedverdiggjande, men også øydeleggjande for den som blir utsett for dette. For eksempel minkar sannsynet for å få kome på jobb-intervju, dersom ein har eit «ikkje-vestleg» namn.

#### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- auka offentleg støtte til organisasjonar og tiltak som motarbeider rasisme
- styrka handheving av lovverket mot hat - og rasismeytringar
- at barnehagar og skular tilpassar seg barn/ungdom med innvandrar- /flyktningbakgrunn, og at tilsette er bevisste på å slå ned på forskjellsbehandling
- læreplanar og relevant undervisningsmateriale som inkluderer opplæring om rasisme

- at helse-/sosialvesen og eldreomsorg er tilpassa brukarar med ulik kultur- og minoritetsbakgrunn
- politikktutforming og samfunnsplanlegging som heile tida har det fleirkulturelle for auga

## **Solidarisk flyktningpolitikk**

Raudt vil motarbeide alt som tvingar menneske på flukt frå sine heimland. Det er eit langsiktig solidaritetsarbeid som for oss ikkje står i motsetning til å ta imot fleire asylsøkjjarar og flyktningar. Vi er derfor mot innstrammingar i asyl- og flyktningpolitikken som ulike regjeringar har gjennomført, men som FrP/Høgre-regjeringa gjorde endå verre.

### *Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:*

- at Noreg skal overhalde sine menneskerettslege plikter og følgje tilrådingane til FNs høgkommissær for flyktningar
- at Noreg skal ta mot fleire flyktningar, også kvoteflyktningar
- lik rett til helsetenester for asylsøkarar og papirlause og ei styrking av førstelinja sin kompetanse innan traume- og krisebehandling
- at asylmottak skal drivast av det offentlege eller av ideelle organisasjonar – private velferdsprofitørar skal ikkje tene pengar på folk som har flykta
- at einslege mindreårige asylsøkjjarar skal få permanent opphald – praksisen med å gje mellombels opphald berre fram til dei fyller 18 år må avsluttast

## **Framtidsretta arbeidsplassar**

Sogn og Fjordane har tradisjonelt hatt låg arbeidsløyse – ikkje minst takka vere mange sysselsette i primærnæring og industri. Dette viser kor viktig det er med andre arbeidsplassar enn dei som er knytte høg olje-/gassutvinning. Olje/gass er dessutan avgrensa ressursar som, av omsyn til klimaet og framtidige generasjonar, må gjerast til ein langt mindre del av norsk sysselsetjing.

### *Raudt i Sogn og Fjordane går inn for:*

- at arbeidsplassane i kraftkrevjande industri (Bremanger, Høyanger og Årdal) må bli fleire

- styrking av landbruket gjennom at arbeid i landbruket blir løna som andre yrke med samanliknbar krav til innsats
- at jordbruksoppgjera må opp-prioritere dei små og mellomstore bruka, som er typiske i Sogn og Fjordane
- oppbygging og vidareforedling av råvarene som er produserte her – både innafor industri og landbruk/fiske
- styrka bemanning av yrka innafor oppvekst (barnehagar og skular) og omsorg (helse og eldreomsorg)
- at Sogn og Fjordane med statleg økonomisk tilrettelegging, skal bli eit forbilde innan økologisk jordbruk; vi har jorda og utmarka, Sogn Jord- og hagebruksskule har kompetansen og staten har dei økonomiske midlane
- at fisken ikkje skal eigast av enkeltpersonar og selskap; kvoterettar til fisk skal vere mellombelse avtalar mellom stat og båteigar og tilbakeførast til fellesskapet ved sal eller kondemnering av fartøy

## Kultur, idrett og inkludering

Raudt vil arbeide for eit rikt, nyskapande og variert kulturliv, der ulike kunstartar og idrettsgreiner får utvikle seg. Kultur er viktig for å skape tilknyting, inkludering og trivsel i lokalsamfunna. Samfunnet treng både profesjonelle utøvarar og engasjerte amatørutøvarar. Kultur har ein eigenverdi med sine mange og mangfaldige uttrykk. Kultur og kulturarbeid er viktig bidrag i eit verdiskapande arbeid og vil slik bidra til å skape arbeidsplassar i kommunar og lokalsamfunn.

### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- styrking av støtte til leige av lokale til kulturaktivitet
- gratis kulturskuletilbod for elevar mellom 6 og 18 år
- at kulturminne må kartleggast, haldast ved like og bli synleggjorte
- å etablere møteplassar der det kan arbeidast med tradisjonelt handverk
- ta vare på primærnæring-, kraft-, industri- og arbeidshistoria
- at alle musea får gode rammevilkår
- å styrke nynorsken si stilling
- styrking av det det rusfrie kulturtilbodet
- styrking av arbeidet med idrettstilbod og breiddeidrett

- styrke og utvide ordninga med fritidskort, slik at barn og unge kan delta i organisert idrett uavhengig av økonomisk bakgrunn
- å støtte etablering av regionale gaming- og E-sportssenter
- jobbe for tilgjengelege areal for ikkje-organisert idrett
- å bidra til ei idrettsrørsle fri for rasisme, diskriminering og trakassering
- å auke tilgangen til breiddeidrett for minoritetsgrupper
- å vidareutvikle fleirkulturelle kulturtilbod
- styrking av fylkesbibliotek sitt utviklingsarbeid med biblioteka ute i kommunane
- etablering av kulturkort for ungdom mellom 13 og 18 år
- å styrke Teater Vestland

## Fredspolitik

Raudt tek avstand frå stormaktene sin maktkamp og deira krigar for verdsdominans. Vi er imot stormaktene si innblanding i andre land for å sikre egne økonomiske og politiske interesser. Raudt arbeider mot at Noreg skal delta i krig slik vi har gjort på USA si side i Afghanistan, Libya og Syria.

Vi er for eit nasjonalt militært invasjonforsvar som er uavhengig av NATO og EU. Raudt er for allmenn verneplikt og styrking av Heimevernet.

### Raudt Sogn og Fjordane arbeider for:

- at Sogn og Fjordane skal bli eit eige, samla og sjølvstendig heimevernsdistrikt og at Heimevernet skal styrkast
- å melde Noreg ut av NATO og halde landet utafor EU sin felles sikkerheits-, forsvars- og militærpolitikk
- stans i norsk våpeneksport til land som er involverte i borgarkrig eller okkupasjon, på eige eller andre land sitt territorium
- å hente heim norske soldatar som er stasjonerte i utlandet
- å stanse og reversere stasjonering av utanlandske soldatar i Noreg
- at Noreg skal støtte internasjonalt forbod mot atomvåpen, biologiske våpen og kjemiske våpen, og gjere vedtak i kommunar og fylkeskommunar om ABC-våpenfri sone
- å annullere kjøpet av angrepsfly
- eit fritt Palestina og stopp av Israel si folkerettsstridige okkupasjon av Vestbreiddan
- stans i handel og import frå statar som har gjennomført folkerettsstridige okkupasjonar

## Eit sosialistisk samfunn

Raudt vil ha bort alle unaturlege forskjellar mellom menneske og diskriminering ut frå kjønn, etnisitet, hudfarge, legning, kjønnsuttrykk, funksjonsgrad og religion. Sosialismen skal bli eit samfunn som realiserer visjonen vår om rettferd og om eit produksjonssystem som tek omsyn til og verdset miljø og naturmangfald framfor kortsiktig profitt. Raudt vil ha ei verd som er basert på nasjonane sin sjølvråderett og vil motarbeide krigar som har til formål å rane naturressursar og herske over andre.

Dei radikale kreftene innafor fagrørsla, progressive krefter elles, menneska sine kunnskarar og teknologien, gjer det mogleg å få til store endringar til det betre. Men eit system som er basert på at hovudmålet er økonomisk vekst, vil kome til kort. Den industrielle revolusjonen og kapitalismen, var eit enormt framsteg samanlikna med tidlegare utbytar-system. Men no står kapitalismen og dette systemet si ustoppelige profittjakt, i vegen for fred, miljø og rettferd. Raudt sitt mål er derfor eit samfunn som tilfredsstillar menneska sine behov innafor naturen sine tolegrensar og som viskar ut klasseforskjellane. Dette er eit sosialistisk samfunn!